

ÅRSMELDING 2014

BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

Samansetjing av utvalet f.o.m august 2012

<u>Faste medlemmar</u>	
Jorunn M. Bakke, leiar	FFO
Anne-Berit Kolås, nestleiar	SAFO
Geir Ove Søreide	FFO
Erling Jacobsen	FFO
Bente Orlen Westervik	FFO
Helen Aareskjold	FFO, Fram til november 2013
Ida Carlsen Eide	SAFO
Margot Bertheussen	Fylkeseldrerådet
Magnus Mjelde	Kreftforeningen
<u>Vara medlemmar</u>	
Line Orvedal	FFO, fast medlem frå mai 2014
Svein Nord Kristiansen	FFO
Liv Huus Iversen	FFO
Esther Vetås	SAFO
Hjørdis Dahle	SAFO
Monrad Reigstad	Fylkeseldrerådet
Nils Haugland	Kreftforeningen

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum Av Funksjonshemmedes Organisasjoner

Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerende direktør,
Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/
Sekretariat for utvalet

Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 9 møter og har handsama i alt 75 saker i 2014. Møta er for det meste haldne i møterom sentralblokka.

Det har også i 2014 vore stor aktivitet i Brukarutvalet.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2014 og aktuelle prosjekt pr. juni 2014 som er avslutta.

Det har i 2014 spesielt vert arbeidd med:

- ❖ Kompetansestrategi i Helse Bergen fram mot 2027

- ❖ Kommunikasjon
- ❖ Universell utforming. Det har vore fleire prosjekt i gang.
 - Tilgjengeligheit på uteområde
 - Pasientservice senter

Det har også mellom anna vore arbeidd med:

- ❖ Barnas energisenter
- ❖ Samhandling med kommunane. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala, som kvar har minst 4 møter årleg.

Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen

Retningslinjene for brukarmedverknad i Helse Vest vart godkjende i styremøte i Helse Vest 02.04.2014. Helse Bergen følgjer desse. Viseadm. Direktør møter på så godt som alle møter og held Brukarutvalet godt orientert om aktivitetar og planar i verksemda.

Det har vært ein framifrå dialog mellom leiinga av brukarutvalet og leiar av styret..

I juni 2014 vart det satt ned ei gruppe med sentrale personar som skulle sjå på framtidens brukarmedverknad i Helse Bergen. Arbeidsgruppa blir leia av brukarutvalet sin sekretær og leiar og nestleiar deltek i gruppa. Innstillinga blir levert 12.12.2014 til leiinga.

Utfordringar

Det er likevel viktig å arbeide vidare med å sikre Brukarmedverknad i alle prosjekt som har konsekvensar for brukarane

Det skuldast at ein framleis med ujamne mellomrom blir presentert for prosjekt der brukarmedverknad ikkje har vore ivareteke på ein god måte. Det er vidare eit kapasitetsspørsmål for medlemmane i Brukarutvalet. Brukarutvalet ved leiar og nestleiar, har heile tida hatt kontakt mellom Brukarutvalet og dei einskilde interesserorganisasjonane. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemmane av einskild organisasjonar har.

Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person. Derfor er det viktig å framleis melde inn prosjekta til brukarutvalet i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Det er ei utfordring for både føretak og brukarar å bidra til vidare utvikling av brukarrolla og korleis befolkning og pasientar skal kunne bidra til oppfylling av intensjonane i samhandlingsreforma, der eiga læring og meistring står sentralt. Dette er det satt stekt fokus på i den nye kompetansestrategien for Helse Bergen.

Kurs og seminar

Brukarutvalet har holde innlegg i forbindelse med besøk frå HOD i mai månad og på nasjonal konferanse for ØH senger i november.

Leiar og nestleiar har delteke på den nasjonale pasientsikkerheitskonferansen 8 og 9 september i Oslo.

Annet

Brukarutvalet har i denne perioden hatt ei verketid utover det som har vore tidlegare. Dette med bakgrunn i nye retningslinjer som sa at utvala i heile regionen skulle ha same verketid.

Rekneskap

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjettramma er fastsatt av føretaksleiinga.
Nødvendige kostnader blir belasta Foretaksleiinga.

Kostnader: 2014 (nov)

Møtegodtgjersle m/ reiser	195 000
Andre kostnader	
Møter, kurs, seminar og kongressar	23 000
Totalt	218 000

Bergen 01.12.2014

Jorunn M. Bakke,
Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 01.12.2014

